

Samandrag Soga om Gisle Súrsson / *Gísla saga Súrssonar*

Sidetala viser til Hagland si omsetting på Samlaget

Innleiing, 5 fyrste kapitla:

- Opphavet til ætta i Noreg, bakgrunnen for at ætta vandra ut: For å berge æra til familien blir Gisle drapsmann; han drep friarane som vil ha syster hans utan å følgje reglane som tek vare på familieæra. Dette fører til blodhemns spiral, og familien til Gisle utvandrar til Island for å komma seg ut or den.
- Presentasjon av viktigaste personar:
 - Brørne Gisle og Torkjell og systema Tordis.
 - Gisle gift med Aud
 - Torkjell gift med Åsgjerd (som er glad i Vestein)
 - Tordis gift med Torgrim
 - Vestein, bror til Aud.

Drapet på Vestein:

- Gisle, Torkjell, Torgrim og Vestein held mykje lag, men så kjem spådom om at det blir brot mellom dei innan tre år (s. 14). Gisle prøver å sikre samhald med fosterbrorskap, men Torgrim vil ikkje sverja med Vestein, og da vil ikkje Gisle med Torgrim (s. 15).
- Etter det misstemning og to parti: Gisle/Vestein og Torkjell/Torgrim.
- Torkjell overhøyrer samtale mellom Aud og Åsgjerd, får inntrykk av at Åsgjerd har forhold til Vestein (s. 18). Men Vestein er i utlandet, førebels ingen fare for han, men Torkjell flytter til Torgrim på Sæbol.
- Vestein kjem heim. Gisle prøver å halde han unna, men han kjem i gjestebod hos Gisle, og blir drepen i senga (s. 25). Mordaren ukjend, men anten Torkjell eller Torgrim.
- Gisle drep Torgrim i senga ei natt på Sæbol (s. 32). Berre Torkjell veit at Gisle mordaren.

Gisle fredlaus:

- Blir gjort seid mot drapsmannen, skal bli uråd å hjelpe han (s. 34).
- Tordis blir gift med Bork (s. 34).
- Gisle avslører seg som mordaren i skaldestrofe, berre Tordis skjønar det (s. 35).
- Tordis fortel Bork at Gisle er mordaren (s. 36).
- Bork stemner Gisle til tings (s. 38).
- Gisle rømer til Geirtjovsfjorden (s. 40)
- Gisle dømd fredlaus (s. 40). Ingen stormenn stør Gisle. Torkjell vil ikkje meir enn varsle Gisle og gje han lausøyre.
- Bork hyrer Øyolv til å finne og drepa Gisle (s. 42). Øyolv får skam av freistnadene.
- Gisle får vonde varseldraumar (s. 42).
- Gisle er vinter hos Torgjerd i Vadil. Aud er i Geirtjovsfjorden.
- Gisle er lang tid på Hergilsøy i Breidafjorden (s. 47). Bork oppdagar det, Gisle kjem seg unna.
- Torkjell drepen av dei ukjende sønene til Vestein (s. 56).
- Gisle drepen av Øyolv sine menn i Geirtjovsfjorden (s. 70).

Etterspel:

- Tordis prøver å drepa Øyolv (s. 71).
- Vestein-sønene og Aud kjem seg til Noreg (s. 71).
- Vestein-sonen som drap Torkjell drepen i Noreg av Are, den yngste av Surs-sønene (s.71)
- Aud blir kristen og fer på pilgrimsferd.

Eldar Heide